



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

---

# Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Hjelmeland kommune

29. november 2016

---

**Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgende ordninger:**

- Forvaltning av ordninger på skogområdet
- Produksjonstilskot i jordbruket


---

Vår referanse: 2016/11399

## Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing.....	5
3. Bakgrunn for kontrollen .....	5
4. Heimel for kontrollen .....	5
5. Opplysningar om gjennomført kontroll .....	6
5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen .....	6
5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	7
5.3 Tema for forvaltningskontrollen.....	7
6. Funn.....	7
6.1 Definisjonar.....	8
6.2 Tema 1 – Forvaltning på skogområdet.....	8
6.2.1 Kva rutinar og tiltak har kommunen for oppfølging av skogkulturen – planting og skjøtsel av ny skog og oppfølging av foryngingsplikta .....	8
6.2.2 Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur og skogsvegar - kontroll av underbilag og byggjeplan for skogsvegar.....	10
6.3 Tema 2 – Produksjonstilskot i jordbruket .....	12
6.3.1 Rutinar for saksbehandling og retting av feil i søknadsdata .....	12
6.3.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting.....	14
6.3.3 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll .....	15
6.3.4 Tilskot til dyr på beite.....	16
7. Oppfølging etter kontrollen .....	17
8. Vedlegg (ikkje offentleg)	

### Verdiskaping frå jordbruket i Hjelmeland, bruttoprod. totalt er 88,7 mill. kr.



Illustrasjon henta frå vedlegg til NIBIO rapport vol.2 nr. 75, 2016

Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at landbruksforvaltninga i Hjelmeland kommune har gode rutinar for oppfølging av ordninga med produksjonstilskot i jordbruket.

- 189 føretak som søker produksjonstilskot
- 53,2 mill. kr i ulike tilskot blir forvalta og utbetalt til landbruksføretak i Hjelmeland

## 1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Hjelmeland kommune 29. november 2016.

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av ordningane:

- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Produksjonstilskot i jordbruket

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og har desse merknadene:

### Avvik

#### Ordningar på skogområdet

- **Avvik 1**  
Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket

#### Produksjonstilskot

- **Avvik 2**  
Kommunen har ikkje god nok rutine for å følgje opp saksbehandlarrundskrivet pkt. 10.5.2 når dei etter stadleg kontroll rettar i søknader slik at søkjar får meir enn det er søkt på.

### Merknader

#### Ordningar på skogområdet

- **Merknad 1**  
Rutinebeskrivinga for skogoppgåvene er mangelfull inkludert rutinar for omdisponering av skogareal til jordbruksformål.
- **Merknad 2**  
Innhaldet i byggeplanane er mangelfullt og ikkje i tråd med krava til byggeplan som går fram av søknadsskjema for tilskot til skogsvegar og lokale retningsliner for tilskot til skogsvegar.
- **Merknad 3**  
Det manglar risikokriterier for 10 % kontrollen av skogkulturtiltak.
- **Merknad 4**  
Dokumentasjon på eige arbeid er mangelfull.

### **Produksjonstilskot**

- **Merknad 5**

Kommunen hentar ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon når dei skal vurdere driftsfellesskap, og konklusjonane blir difor trekte på for svakt grunnlag.

- **Merknad 6**

Kommunen bør i større grad ha rutine for å avkorte i søknader der søkjar har ført opp meir dyr eller areal enn dei har.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare omtale av avvik og merknader

## 2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Hjelmeland kommune i brev datert 28.09.2016. Sjølve kontrollen blei gjennomført 29. november 2016.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Produksjonstilskot i jordbruket

På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ein førebels rapport. Førebels rapport blei sendt til kommunen 6. januar 2017. Kommunen kom med merknader til førebels rapport i e-post 9. januar. Sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

## 3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## 4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

*”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.*

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (fra 01.01.2015)

- Forskrift 04.02.2004 nr. 447 om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Forskrift 04.02.2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Forskrift 02.07.2015 nr. 132 om endring i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Teknisk jordbruksavtale 2014-2015 og Jordbruksavtalen 2015-2016
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

## 5. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 5.1 Faktaopplysningar om sjølv kontrollen

Dato for kontroll: 29. november 2016	Journalnummer: 2016/11385
Dato for førre kontroll: 6. mai 2009	Journalnummer: 2009/3834

#### Kontrollert verksemd

Kommune: Hjelmeland	E-post: postmottak@hjelmeland.kommune.no
Besøksadresse: Kommunehuset, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland	Telefon: 51 75 00 00

#### Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Haldis K. Nilsen	plan- og forvaltningssjef	x	x	x
Torborg Kleppa	rådgjevar landbruk	x	x	x
Anne Kari Skogerbø	fagkonsulent	x	x	x
Kristofer Tveiterå	rådgjevar skogbruk	x	x	x

#### Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Anfinn Rosnes	ass. landbruksdirektør	x	x	x
Stein Bomo	Kontrollør skogordningane	x	x	x
Else F. Hodne	kontrollør PT	x	x	x
Sissel C. Endresen	kontrollansvarleg og referent	x	x	x

## 5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der ass. landbruksdirektør Anfinn Rosnes informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Stein Bomo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordningane på skogområdet
- Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot
- Sissel C. Endresen var kontrollleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

## 5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Forvaltning av ordningar på skogområdet	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kva rutinar og tiltak har kommunen for oppfølging av skogkulturen – planting og skjøtsel av ny skog</li><li>- Oppfølging av foryngingsplikta</li><li>- Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur og skogsvegar (kontroll av underbilag, i tillegg byggeplan for skogsvegar)</li></ul>
2	Produksjonstilskot (PT)	<p>Saksbehandlingsrutinar</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata</li><li>- Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting</li><li>- Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll</li><li>- Korleis følgjer kommunen opp saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket</li><li>- Kva rutinar har kommunen for å kontrollere spreieareal</li></ul>
	Tilskot til dyr på beite	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på innmarksbeite og utmarksbeite</li></ul>

## 6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekkja vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

## 6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylging av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

## 6.2 Tema 1 – Forvaltning på skogområdet

### 6.2.1 Kva rutinar og tiltak har kommunen for oppfølging av skogkulturen – planting og skjøtsel av ny skog og oppfølging av foryngingsplikta

#### Om regelverket

Kommunane skal på ein lokaltilpassa måte følgja opp nasjonale og regionale målsettingar. Slike målsettingar er nedfelt nasjonalt både i meldingar til Stortinget, i lovar, forskrifter og andre retningslinjer. Regionalt er dei nasjonale målsettingane gjerne tilpassa og utdjupa gjennom regionalplanar, handlingsplanar og andre, gjerne årlege retningslinjer.

Oppbygging og skjøtsel av ny skog, inkludert infrastrukturtiltak er tema det er sett klare mål for både nasjonalt og regionalt. Det er også gitt retningslinjer om at kommunane skal ha fireårige strategiar for bruk av midlar til nærings- og miljøinvesteringar i skogbruket (NMSK), jf. *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Oppfølging av foryngingsplikta er heimla i Skogbrukslova §§ 6 og 20 og tilhøyrande forskrift om berekraftig skogbruk, kapitel 3, §§ 6,7, 8 og 15. Planting etter hogst skal vere gjennomført innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til maksimalt til 5 år. Det same gjeld eventuell omdisponering til innmark. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne.

#### Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har dei siste åra hatt manglande kapasitet og kompetanse på skogområdet til å følgje opp lovpålagde oppgåver. Dette gjeld blant anna oppfølging av foryngingsplikta med tilhøyrande faste kontrolloppgåver og ekstraordinære kontrolltiltak. Kapasiteten til mobiliseringsarbeid på skogområdet har vore mangelfull. Mobiliseringsarbeid på skogkultur har for det meste skjedd gjennom prosjektet «Aksjon skogkultur» med Aktiv Skogbruksinstruktør Tårn Sigve Schmidt. I perioden 2013-2015 er det utbetalt 80 000 kroner til prosjektet.

Utfordringane på skogområdet blei tatt opp med kommunen i februar 2016. Vi viser her til møte med kommunen og tidlegare korrespondanse i 2016 rundt desse utfordringane. Dette har resultert i at kommunen har tilsett Kristofer Tveiterå med skogkompetanse i 50 % stilling med ansvar for skogoppgåvene.



Kommunen har utarbeidd ny tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2016-2019 (NMSK) med strategiar, tilskotssatsar og tiltak på skogområdet.

Hovudplan for skogsvegar er snart ferdig utarbeidd. Vi er i etterkant av møtet blitt kjent med at hovudplan for skogsvegar er godkjent og handsama politisk 14.12.2016.

Det er nyleg utarbeidd eit eige skriv med rutinar for dei viktigaste oppgåvene på skogområdet. Det går ikkje fram av rutinebeskrivinga korleis omdisponering av skogareal til jordbruksformål skal praktiserast. Hovudplan for skogsvegar og tiltaksstrategi for NMSK er tilgjengelige på kommunen sine heimesider.

Informasjonskanalen mot skogeigarane er heimesida til kommunen og Bondeposten som går ut til alle bønder/skogeigarar. Kommunen sender informasjon per e-post til dei som dei har e-postadressen til, til dei andre sender dei ut informasjon pr. post.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Det går fram av offisiell statistikk for Hjelmeland at det er stor ubalanse mellom hogstareal og det som skjer av foryngingstiltak/planting dei siste 10-12 åra. Det er difor klart at ein del hogstflater ikkje er forynga. Ein del av differansen kan forklarast ved at noko er omdisponert og godkjent til innmarksareal.

Det er positivt at kommunen har teke initiativ til å få på plass «Aksjon skogkultur» gjennom å bruke lokale ressurspersonar med skogkompetanse. Denne innsatsen skal kome i tillegg til kommunen sin ordinære innsats, og ikkje for å bøte på manglande kapasitet og kompetanse. Utfordringa med «Aksjon skogkultur» her har vore at disponibel tid til arbeidet har vore knapp. Vi ser likevel at desse ressurspersonane er kostnadseffektive, dvs. genererer mykje aktivitet målt mot ressursbruk.

Kommunen er på etterskot i oppfølging av foryngingsplikta. Konsekvensane blir at svært gode areal ligg brakk utan produksjon, og det blir meir utfordrande å få etablert ny kvalitetsskog. Etter dialog med kommunen rundt desse utfordringane, har ein no frå september 2016 fått inn kapasitet og kompetanse til å følgje opp lovpålagde oppgåver på skogområdet.

”Skogsatsinga” er blitt vesentleg meir synleg etter at ein har fått på plass sentrale styringsdokument – Hovudplan for skogsvegar og tiltaksstrategi for NMSK i 2016. Det er bra at desse styringsdokumenta er forankra politisk i kommunen. Kommunen skal ha ros for å få ut relevant informasjon til målgruppa blant anna gjennom «Bondeposten» som gis ut med jamne mellomrom.

Dei skriftlege rutineane for arbeidsoppgåvene på skogområdet gir ei god oversikt over dei viktigaste arbeidsoppgåvene. Rutineane for oppfølging av foryngingsplikta kunne vore utdjupa

noko meir. Dette gjeld blant anna skriftleg og eventuell juridisk oppfølging, og korleis ein loggførar tilbakemeldingar frå skogeigarane. Her er det eit system i ØKS som gir gode moglegheiter for rasjonell oppfølging og god oversikt. Retningsliner for omdisponering av skogareal til jordbruksformål bør også bakast inn i rutinebeskrivinga.

### **Avvik**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**  
Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket

### **Merknader**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 1**  
Rutinebeskrivinga for skogoppgåvene er mangelfull inkludert rutinar for omdisponering av skogareal til jordbruksformål.

## **6.2.2 Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur og skogsvegar - kontroll av underbilag og byggjeplan for skogsvegar**

Kommunen blei varsla i forkant av forvaltningskontrollen om kva saker som er plukka ut, slik at dei kunne ha underbilag og nødvendig dokumentasjon klar på kontrolldagen.

### **Om regelverket**

Kommunen har ansvaret for forvaltninga etter "*Forskrift om skogfond o.a.*", jf. §§12 og 17 og "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*", jf. § 12. Alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert, og kommunen skal i naudsynt omfang kontrollere gjennomførte investeringar og utførte tiltak før utbetaling. Det er krav om at før ein går i gong med vegbygging, så skal det utarbeidast ein byggjeplan som er godkjent av kommunen.

I tillegg er desse krava er ytterlegare utdjupa i dei lokale retningslinene for tilskot til skogsvegar; «*Retningsliner for støtte til drift med taubane, hest o.a. og skogsvegbygging 2016*». Det er også slik at byggjeplanen skal leggjast ved første rekneskapsamandrag/ utbetaling av tilskot.

### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon**

Det blei plukka ut totalt 8 stikkprøvar - 4 ordinære skogkulturtiltak i 2016, 2 skogsvegsaker med tilskot 2016 og 2 skogsvegsaker med tilskot i 2015.

Den er ingen merknader til dei tre første skogkulturtiltaka (sak nr. 32, sak nr. 33 og sak nr. 34). Kommunen har nødvendige underskrifter og underbilag på plass, og det er gjort ei skogfagleg vurdering av om kostnadene er innanfor akseptable kostnadsrammer. Godkjente kostnader er i tråd med "Kostnadsgrenser for skogkulturtiltak" utarbeidd av Fylkesmannen i samarbeid med kommunane.

Det fjerde skogkulturtiltaket (sak nr. 35) mangla underskrift på søknaden om tilskot, elles ok. Det er ingen vesentleg merknader til underbilag for dei 4 skogsvegsakene (Sak nr. 36 - 38), med unntak sak nr. 37), der dokumentasjon på eige arbeid ikkje er spesifisert. Det er utarbeidd byggjeplan i alle fire skogsvegsakene.

For 10 % kontrollen av alle skogkulturtiltak er det ikkje utarbeidd noko risikokriterier for kva tiltak som bør prioriterast for kontroll.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen har nødvendig dokumentasjon på kostnadsgrunnlaget for utbetaling av tilskot og skogfond til både skogkultur og skogsvegar. Rutinane på handtering av dokumentasjon/bilag er god.

Innhaldet i byggjeplanane er mangelfullt. Vi kan blant anna ikkje sjå at arbeidsbeskrivinga i byggjeplanen har eit detaljnivå som enkelt sikrar god oppfølging av veganlegga undervegs og ikkje minst ved sluttkontroll/ferdiggodkjenning. Byggjeplanen er også lite eigna som grunnlag for kostnadsoverslag og anbod. Lengdeprofil manglar, spesielt på dei veganlegga med kritiske stigningsforhold.

Eit mindre beløp på om lag 44 000 kroner til eige arbeid er ikkje dokumentert/spesifisert, slik at det er mogleg å kontrollere kva som faktisk er utført av arbeid.

**Fylkesmannen fann ingen avvik.**

### **Merknader**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 2**  
Innhaldet i byggjeplanane er mangelfullt og ikkje i tråd med krava til byggjeplan som går fram av søknadsskjema for tilskot til skogsvegar og lokale retningslinjer for tilskot til skogsvegar.
- **Merknad 3**  
Det manglar risikokriterier for 10 % kontrollen av skogkulturtiltak.
- **Merknad 4**  
Dokumentasjon på eige arbeid er mangelfull.

## 6.3 Tema 2 – Produksjonstilskot i jordbruket

### 6.3.1 Rutinar for saksbehandling og retting av feil i søknadsdata

#### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader.

Ulike rundskriv frå Landbruksdirektoratet gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlings-rundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar saksbehandlings-rutinane, jf. rundskriv 2015-27 som er gjeldande for søknadsomgangane august 2015 og januar 2016. I kap. 5.1.8 står om korleis kommunen skal behandle feil eller uavklarte tilhøve i søknaden. Her står det mellom anna at *«Kommunen skal alltid bruke kommentarfeltet i WESPA til å forklare hvorfor rettinger er gjort.»*

I kap. 10.5.2 står det om korleis kommunen skal handtere avvik/feilopplysningar. Her står det mellom anna at *«Oppdager kommunen avvik mellom opplysninger i søknaden og de faktiske forhold hos foretaket, må søknaden rettes i samsvar med de faktiske forholdene. Søknaden skal ikke rettes slik at søker får mer enn omsøkt. Deretter skal kommunen vurdere avkorting i det resterende tilskuddet.»*

#### Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har skriftleg rutine for gjennomgang av søknader. Dei er og aktive med å informere søkjarane via info-skriv før søknadsfrist. Etter at søknadene er motteke går kommunen raskt gjennom dei, og tek kontakt med søkjar dersom det er openbare skrivefeil. Dette blir gjort fortrinnsvis før søknadsfristen. Dei endrar ikkje søknadsdata utan at søkjer er informert.

Ved søknad januar 2016 blei det ein del feil i avløysartilskotet. Det skuldast at avløysarlagane i Hjelmeland, Strand og Forsand blei slått saman i 2015. Det blei mellom anna feil i org.nr. og feil arbeidsgivaravgift. Kommunen retta opp i desse feila.

Kommunen har rutinar for å gå gjennom feillistene. Dei nyttar varselmeldinga om «få lamslakt» som et av kriteriene for utplukk til stadleg kontroll. Nyttar merknadsfeltet i Wespa. Når dei gjer endringar i søknadsdata, blir dette avklart med søkjar ved bruk av e-post. E-postar blir loggført i arkivsystemet.

Ved søknadsomgangen i januar 2015 hadde dei fokus på driftsfellesskap. Kommunen bad s kjarane vurdere sj lv om dei var i driftsfellesskap eller ei. Nokre sendte inn amnesti-skjema. Kommunen plukka ut 2 av tilfella som meinte at dei ikkje var i driftsfellesskap for n rare kontroll. Kommunen kom til same konklusjon som s kjarane sj lve hadde kome til – ikkje driftsfellesskap. Ved kontrollen hadde ikkje kommunen g tt gjennom rekneskapstal.

I nokre tilfelle (sak 9, sak 27, sak 28) har kommunen f rt p  meir enn det s kjar sj lv har s kt p . I sak 9 har kommunen f rt opp 7 115 kg meir tomat enn det s kjar har f rt opp. I sak 27 og 28 er det f rt p  meir sal av grovf r etter stadleg kontroll fordi s kjar la fram dokumentasjon p  meir sal.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen har gode rutinar for saksbehandling, og nyttar merknadsfeltet aktivt i dei tilfella der dei gjer endringar i s knadsdata. Feillister med varselmeldingar blir f lgt opp, og det er positivt at varselmeldingar blir brukt som eit av kriteria for utplukk til stadleg kontroll.

Kommunen informerte om regelverket for driftsfellesskap ved s knadsomgangen i januar 2015, og bad s kjarane vurdere sj lv om dei meinte dei var i driftsfellesskap. Dette er god rutine. I etterkant plukka dei ut 2 saker for n rare kontroll. Ved denne kontrollen gjekk ikkje kommunen gjennom rekneskapen. Vi vil tilr  at kommunen gjer eit meir grundig arbeid f r det blir konkludert i saker som gjeld eventuelt driftsfellesskap, og til d mes nyttar rekneskapsopplysningar i slike saker.

Kommunen har i 3 saker f rt p  meir enn det s kjar sj lv har f rt opp. Kommunen skal ikkje endre/rette s knadsdata slik at s kjar f r utbetalt tilskot for meir enn det er s kt om. Jf. rundskriv 2015-27 pkt. 10.5.2.

### **Avvik**

P  bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi f lgjande avvik:

- **Avvik 2**  
Kommunen har ikkje god nok rutine for   f lgje opp saksbehandlarrundskrivet pkt. 10.5.2 n r dei etter stadleg kontroll rettar i s knader slik at s kjar f r meir enn det er s kt p .

### **Merknader**

P  bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi f lgjande merknader:

- **Merknad 5**  
Kommunen hentar ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon n r dei skal vurdere driftsfellesskap, og konklusjonane blir difor trekte p  for svakt grunnlag.

### 6.3.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting

#### Om regleverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 11 og § 12 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 12 i rundskriv 2015-26 der det bl.a. står at *«Bestemmelsen er utformet som en "kan"-bestemmelse, men det klare utgangspunktet er at det skal avkortes dersom søker minst har vært uaktsom ved inngivelse av feilopplysninger, og dette har medført eller kunne medføre en merutbetaling. Forvaltningen plikter i alle tilfeller å vurdere avkorting.»*

#### Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har rutine for å vurdere avkorting. Når det gjeld areal, så ser kommunen på når søkjar gir beskjed om endring i areal. Dersom det blir gitt beskjed før søknadsfrist så blir det ikkje vurdert avkorting. Ofte må kommunen ut og oppdatere AR5, og i slike tilfelle blir det ikkje avkorta.

Kommunen vurderer avkorting i dei tilfella der det er snakk om endring i tal dyr. Dersom dei ved stadleg kontroll finn at føretak har ført opp feil dyretal, så gir dei beskjed om at kommunen vil vurdere avkorting.

FM gjekk gjennom ein del saker der dyretal og areal er endra, men der det ikkje er avkorta. Når det gjeld sak 22, sak 23 og sak 24, så har kommunen redusert tal slakta lam i tråd med lister frå slakteriet. Kommunen har konkludert med at det ikkje skal avkortast fordi maskinell kontroll uansett ville fanga opp dette slik at det ikkje ville blitt meirutbetaling.

I sak 25 og sak 26 har kommunen avslått husdyrtilskot, men har utbetalt avløysartilskotet utan avkorting.

Kommunen har samarbeid med Mattilsynet og det er avtalt årleg møte saman med Strand og Forsand. Kommunen får kopi av vedtak frå Mattilsynet. Har no ei sak der avkorting blir vurdert pga. brot på dyrevelferdsregelverket. Kommunen har og sendt varsel om avkorting i ei sak der det er spreidd husdyrgjødsel for seint.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen er merksam på reglane for avkorting og har rutine for å vurdere avkorting dersom det blir endringar i areal eller tal dyr. Når det gjeld sakene 22-24, så er avkorting

vurdert, men kommunen har kome til at det ikkje skal avkortast. FM er ikkje samd i argumentasjonen for ikkje å avkorte. Kommunen meiner at maskinell kontroll ville fanga opp dette uansett og det ville difor ikkje føre til meirutbetaling. I desse tilfella har søkjarane ført opp fleire slakta dyr i kvalitet O eller betre enn det dei har hatt, og det gir grunnlag for å vurdere avkorting. Av rundskriv 2015-26 går det fram at det «klare utgangspunktet» er at det skal avkortast dersom søkjar har vore aktlaus når det er ført opp feil opplysningar i søknaden.

Vidare er det i sak 25 og sak 26 avlsått husdyrtilskot, men ikkje avkorta i avløysartilskotet. Det kan sjå ut som det ikkje er vurdert avkorting i avløysartilskotet sjølv om det er søkt på dyr som etter kommunen si vurdering ikkje stettar kravet om vanleg jordbruksproduksjon.

**Fylkesmannen fann ingen avvik.**

### **Merknader**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 6**  
Kommunen bør i større grad ha rutine for å avkorte i søknader der søkjar har ført opp meir dyr eller areal enn dei har.

### **6.3.3 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll**

#### **Om regelverket**

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 6 i rundskriv 2015-27 frå Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

#### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon**

Kommunen gjer ein risikovurdering for kvar søknadsomgang og vel ut kva dei skal ha som tema for kontrollen og så kven dei skal kontrollere. Ved søknadsomgangen august 2015 hadde kommunen fokus på «vanleg jordbruksproduksjon», føretak med mykje ugras i beitene og gjødselplan. Ved søknadsomgangen januar 2016 hadde kommunen fokus på føretak med sau og vurdering av «vanleg jordbruksproduksjon».

Kommunen har ei rutinebeskriving for utplukk og gjennomføring av stadleg kontroll. Dei har oversikt over kva som er tema for kontrollen kvar omgang og kven som er plukka ut til kontroll.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Etter Fylkesmannens vurdering har kommunen gode rutinar for utplukk til stadleg kontroll.

**Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.**

### **6.3.4 Tilskot til dyr på beite**

#### **Om regelverket**

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. jordbruksavtalen for 2015-2016, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at hovuddelen (minst 50 %) av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting av utmark eller innmark. Vidare står det i rundskriv 2015-27 under pkt. 6.6.6 at «Foretak som søker om tilskudd til dyr på beite, må kunne sannsynleggjøre at dyrene har vært på beite den tiden som kreves.»

#### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon**

Ved gjennomgang av søknadene ser kommunen på kva dei har søkt på ved tidlegare søknad. Gjer ei vurdering av kva som er sannsynleg. Til dømes er det truleg at alle sauene er på beite, men for storfe er kanskje ikkje oksar og små kalvar ute på beite. Ved kontroll ser dei på om beitet er nytta. Kommunen har oversikt over kven som har utmarksbeite. Kommunen ber ikkje om å få sjå eventuell beitejournal under kontroll.

FM fann to saker (sak 14 og sak 15) der det var søkt på mjølkekyr på utmarksbeite. I sak 14 gjeld det 10 gjeldkyr, og det har ikkje vore mjølkeleveranse i august. I sak 15 er 10 av 25 mjølkekyr ført opp på utmarksbeite. I dette tilfellet har det vore mjølkeleveranse heile sommaren, men med lågare leveranse i perioden juni-oktober. Det er difor rimeleg at det er 10 gjeldkyr som har vore utmarksbeite.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Etter Fylkesmannens vurdering har kommunen gode rutinar for vurdering av om beitekravet er oppfylt. Vi vil tilrå at kommunen ber om å få sjå beitejournal under stadleg kontroll.

**Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.**



## **7. Oppfølging etter kontrollen**

Hjelmeland kommune må innan 10. mars 2017 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.